



Program for Ål Venstre

for perioden 2015-2019



Venstre i Ål vil.

- ✓ sikre at planane for lokalmedisinsk senter blir gjennomført
- ✓ prioritere høg fagleg kompetanse hjå lærarar og barnehagelærarar
- ✓ støtte opp om vidare utvikling av Ål kulturhus
- ✓ arbeide for meir kjelde-sortering og attvinning
- ✓ støtte opp om kortreist mat frå landbruket og anna nyskapande næringsverksemd

Å vekse opp i Ål

Ungar og ungdommar er ulike. Difor trengs ulike og varierte tilbod. Alle ungar i barnehagane og skulane våre skal bli sett og møtt som den dei er, med sitt potensiale, sine utfordringar, sitt talent og si historie.

Yrkesfagleg og akademisk utdanning er likeverdig og mangfald er heilt nødvendig for å oppretthalde og dekke alle behov i eit samfunn.

Ål Venstre vil ha fokus på førebyggjande tiltak for å møte utfordringar knytt til åtferd, psykisk helse, mobbing og fråfall.

Ål Venstre vil:

- ✓ prioritere etter- og vidareutdanning for lærarane våre
- ✓ styrke miljøarbeidet i skule og barnehage ved å auke tverrfagleg kompetanse
- ✓ ha tidleg innsats, for å førebygge fråfall i ungdomskule og vidaregåande skule
- ✓ ha tilbod som «Inn på tunet» eller liknande , som sikrar alternative læringsarenaer til dei elevane som treng det
- ✓ at grunnskulen i Ål skal ha ei felles plattform med felles mål og likeverdige læringsopplegg
- ✓ satse på lågterskel aktivitets-



- ✓ tilbod som «Aktiv ung»
- ✓ utvikle område med frie aktivitetar for barn og unge

Bulyst i heile kommunen.

Bulyst er nøkkelen til auka busetjing. Ål treng innbyggjarar som trivst og vert verande, og me ynskjer at ungdom og familiar buset seg i Ål. Dette er omdømmebygging som stimulerer til ny innflytting.

Busetjing og integrering av flyktningar er ei viktig kommunal oppgåve. Det er viktig at busette

flyktningar opplever Ål som ein god plass å bu, og at dei kjem raskt igang i arbeidsliv eller utdanning.

Ål Venstre vil:

- ✓ ha ein bustadpolitikk som legg til rette for eit variert butilbod. Sørge for bustadomter av ulik storleik og plassering
- ✓ styrke gang- og sykkelvegnettet og vedlikehaldet på kommunale vegar
- ✓ utvikle Bråta til eit sentrum for rekreasjon og fritidssyslar med eigen badeplass
- ✓ at Sundre skal stå fram som eit myldrande sentrum med butikkar, serverings- og kulturtilbod.

Gode helse- og omsorgstilbod.

God folkehelse er grunnmuren for samfunnsutvikling. Førebyggjande helsearbeid og meir behandling lokalt støttar opp under Venstre sine grunnleggande verdiar.

Folk har eit ansvar for eiga helse. Helse- og omsorgstenestene skal sikre at ein får hjelp når ein treng det.

Ål Venstre ynskjer ei helse og omsorgsteneste som:

- ✓ er lett tilgjengeleg for innbyggjarane og har høg fagleg kvalitet
- ✓ vektlegg fleksibilitet og samarbeid på tvers av sektorar
- ✓ legg vekt på brukarmedverknad og samarbeid med pårørande og nettverk
- ✓ skal ligge i front når det gjeld å ta i bruk ny teknologi i tenestene sine
- ✓ setje førebyggjande helsearbeid på dagsorden
- ✓ styrke frivillig helsearbeid og gje Frivilligsentralen gode arbeidsvilkår
- ✓ at kommunen skal vere eit føredøme for andre bedrifter i å leggje til rette for at alle kan bidra med den arbeidsevna dei har
- ✓ etablere fleire omsorgsbustader
- ✓ sikre god heimeteneste for sjuke og eldre

Allsidig næringsliv.

Kommunen skal legge til rette for etablering av nye, samt utvikling av eksisterande bedrifter. Småbedriftene si mogelegenhet for verdiskaping er avgjerande for distrikta.

God kommunal infrastruktur er viktig både for busetting og næringsutvikling, ikkje minst i grenadene.

Det er avgjerande at det til ei kvar tid finst ledig og tilrettelagt næringsareal for ulike behov.

Detaljhandel bør fortrinnsvis lokaliserast til sentrumsområdet, medan industri- og plasskrevjande verksemder bør ligge utanfor.

Landbruksnæringa er viktig i Ål. Bøndene skal ha gode rammevilkår for å kunne utvikle drifta. Jordvernet må stå sterkt i communal forvaltning. Dyktige bønder skaper arbeidsplassar, kvalitetsmat og ope kulturlandskap.

Ål Venstre vil:

- ✓ ha effektiv og konsekvent sakshandsaming på søknader fra næringslivet
- ✓ prioritere næringstilskot slik at fleire kan skape sin eigen arbeidsplass
- ✓ gje næringsfondet ein grøn profil ved å vektlegge prosjekt som styrker miljøvenleg og framtidsretta drift
- ✓ arbeide for å styrke fag- og

høgskuletilbodet i Hallingdal i tråd med næringslivets og kommunane sitt behov

- ✓ støtte arbeidet til bønder som vidareforedlar eigne produkt

Kulturbygda Ål.

Kultur i Ål er tradisjonsrik og sterkt. Ål Venstre vil ta vare på og byggje vidare på det kulturelle mangfaldet i kommunen, med kulturhuset som det naturlege kraftsenteret. Satsing på auka fysisk og kulturell aktivitet gjev gevinstar i eit folkehelseperspektiv. Kommunen skal bidra til gode arbeidsvilkår for frivillige lag og organisasjonar.

Kyrkja i Ål er ein viktig kulturerbar og betyr mykje for mange innbyggjarar. Ål Venstre vil sikre at kyrkja i Ål får gode og føreseielege arbeidstilhøve.

Ål Venstre vil:

- ✓ arbeide for etablering av landsdelsscene for dans under føresetnad av at prosjektet let seg finansiere
- ✓ at arrangement som har stor verdi for Ål kommune skal sikrast gode rammevilkår
- ✓ at kommunale tilskot skal vere med å sikre at idrettsanlegga vert haldne ved like
- ✓ støtte opp om vidare arbeid med Leveld kunstnartun
- ✓ utvikle og gjere museumstilboda i kommunen meir kjent
- ✓ vere ein pådrivar for styrking av

folkehelsearbeidet med fokus på friluftslivet

- ✓ sikre mangfold i kulturskuletilbodet
- ✓ styrke frivillige lag og organisasjonar si rolle som samfunnsbyggjarar

Betre miljø.

Eit godt miljø skapar trivsel både for fastbuande og tilreisande. Ei berekraftig utvikling vil vere avgjerande for livsgrunnlaget for dei som kjem etter oss. Dette er eit kollektivt og personleg ansvar.

Den vedtekne energi- og klimaplanen må brukast aktivt i arbeidet for redusert energiforbruk.

Ål Venstre vil:

- ✓ at Ål kommune skal bli miljøfyrtårn
- ✓ arbeide for meir kjeldesortering og attvinning
- ✓ bruke energitiltaksfondet aktivt for å fremje energisparing og grøn energi
- ✓ gå inn for at kommunen kjøper el-bilar når vognparken skal fornyast
- ✓ arbeide for regionale bussruter tilrettelagt for arbeidsreiser
- ✓ at motorisert ferdsel i utmark framleis skal vere til nytteformål
- ✓ tilrettelegge for trygge skulevegar

Ny kommune-struktur?

Kommunestrukturen i landet er i endring.

Ål Venstre ynskjer ein grundig prosess med Hol kommune for å vurdere fordelar og ulemper med endra kommunestruktur.

Viss det syner seg at det ikkje er grunnlag for ei samanslåing, vil Venstre arbeide for eit utvida interkommunalt samarbeid.

Regionalt samarbeid har lang tradisjon i Hallingdal, og har medverka til gode og rasjonelt drivne kommunale tenester. Likevel ser ein at interkommunalt samarbeid mellom seks kommunar kan vere tungrodd og lite demokratisk styrt.

Venstre vil difor sikre eit aktivt lokaldemokrati som ivaretek:

- ✓ at innbyggjarane framleis skal ha kort veg til dei kommunale tenestene
- ✓ sterkare folkevalt styring av interkommunale prosjekt
- ✓ meiroffentlegheit i kommunal forvaltning

Venstre vil:

- ✓ arbeide for fleire statlege arbeidsplassar i Hallingdal
- ✓ profilere Hallingdal sterkare i både offentleg og privat verksamhet
- ✓ halde høgt trykk på arbeidet for ein moderne Bergensbane

med utbygd Ringeriksbanen.

- ✓ ha ferdigstilling av utbetring-sarbeidet på RV7 gjennom heile Hallingdal.
- ✓ arbeide for realisering av Hardangerviddatunnelen
- ✓ ha folkerøysting før ei eventuell kommunesamanslåing

Kommuneøkonomi

Kommuneøkonomien er trøngare enn før, mellom anna på grunn av sviktande kraftinntekter.

Reduserte drifts- og investeringsbudsjett er blitt kvardagen etter fleire år med nedskjeringar.

For å sikre eit godt tenestenivå for innbyggjarane framover, kan det bli nødvendig å utvide grunnlaget for eigedomsskatten.



Ål Venstre 2015-2019

Torleif Dalseide
er listetopp og
ordførarkandidat
for Ål Venstre til
kommunevalet 2015.

Dalseide var ordførar i to periodar fram til 2011. Han er attende etter ein pause og vil gjerne gjera ein ny innsats i kommunepolitikken.

På 2. plass er det óg ein veteran – Anne Kjersti Frøyen – som er attende etter 4 års pause.

Espen Jakobsen på 3. plass er ein nykommar på lista, men han har

lang fartstid i Venstre.

Nedover på lista er det ei fin blanding av yngre og eldre kandidatar med ulik bakgrunn og erfaring – og eit fleirtal av kandidatane er kvinner.

Vi i Venstre meiner at det er veljarene som skal bestemme kven som kjem inn i kommunestyret. Difor er det ingen kummuleringar på venstrelista.

Alt er opp til Deg på valldagen.

Ål Venstre sine kandidatar



1. Torleif Dalseide (f.1959)

Dagleg leiari/gardbrukar

Hovudinteresser: Næringspolitikk, kommuneøkonomi, samferdsel.

Ordførar 2003-2011.



2. Anne Kjersti Frøyen (f. 1961)

Psykiasitisk sjukepleiar

Hovudinteresser: Miljø, utvikling av lokalsamfunnet. Kommunestyret 2003-11. Leiari i STNR 2007-11.



3. Espen Jakobsen (f. 1975)

Økonomisjef

Hovudinteresser: Små og mellomstore bedrifter sine vilkår. Miljøpolitikk



4. Tone I. Anthun (f. 1965)

Sosionom

Hovudinteresser: Skole/-oppvekst, kultur



5. Jens Petter Brandlie (f. 1965) Elektroingeniør

Hovudinteresser: Samfunnsutvikling og oppvekstvilkår for barn og unge. Kommunestyret 2011-15.

Medlem i STNR,

6. Ågot Veslegard,

1988 butikksjef

7. Lars Brattåker Gjengedal,

1974 ingeniør

8. Edvin Ræstad,

1948 økonomisjef

9. Live Magnetun,

1982 fysioterapeut

10. Ådne Kvammen,

1978 veteranær

11. Moumina Farah,

1995 skuleelev

12. Anne Kari Olsen,

1955 jordmor

13. Svein Magne Skåre,

1975 næringsdrivande

14. Anikken Jensen Teigen,

1970 helsestyrster

15. Brisa Kolbjørnsen,

1980 barnehageassistent

16. Sondre Brauti,

1997 skuleelev

17. Karen Frøyen Dideriksen,

1996 skuleelev

18. Solveig Hagen Paulsen,

1973 fysioterapeut

19. Astrid Haug,

1960 miljøterapeut

20. Einar Brattegard,

1941 pensjonist

21. Ingrid Tormodsgard,

1988 student

22. Eilif Gunderson,

1956 rektor/ musiker

23. Jan Håvard Haugland,

1961 rekneskapsførar

24. Maria Høgetveit Berg,

1941 pensjonist



Les meir om politikken og kandidatane våre på heimesida eller facebook.

venstre.no/al

VENSTRE